



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

Hordaland fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 26.09.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
14/526-7	6917/14	250	FSK/FEL/VIST	2014/1442

PREMISS: KULTUR. REGIONAL KULTURPLAN FOR HORDALAND 2015 - 2025 - HØYRING

Vi viser til dykkar brev, datert 20.06.14.

Tysnes kommune handsama den regionale kulturplanen i formannskapet PS 56/14 og i kommunestyret PS 34/14 der det vart gjort slikt vedtak:

«Tysnes kommune har følgjande kommentarer og prioriteringar til regional kulturplan 2015-2025:

Visjon og målsettingar

Tysnes kommune meiner det er ein god og informativ regional kulturplan som er lagt fram med ei samla oversikt over dei ulike fagområda.

Me meiner det er viktig at planen, målsetjingar og prioriteringar vert praktiserte slik at det i størst mogeleg grad er kulturen sjølv som dreg praktisk og økonomisk nytte. Det er kulturen sjølv – både frivillige og profesjonelle aktivitetar, verneverdige gjenstander og kulturminne, biblioteka og anna, som er grunnmuren i kulturlivet. Mange av framlegga i handlingsprogrammet er vinkla mot forskningsprosjekt ved universitet og høyskuler, oppretting av råd og utval m.m. Mykje av dette er gode framlegg, utgreiingar og råd er viktig og naudsynt men ein må leggje vekt på at det er sjølve kulturen som til sist vert vinnaren. Kulturlivet vert styrkt av konkret stønad både økonomisk og praktisk.

I samsvar med lov om folkehelsearbeid og regional plan for folkehelse skal alle planar vurdere konsekvenser for folkehelse. Vi sakner informasjon på dette området.

Tysnes kommune prioriterer følgjande innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet:

5.4 Samordning og samhandling

9. Samhandling mellom forvaltningsnivåa

Tiltak: Årlege drøftingsmøte om budsjett og forvaltning, dialogkonferansar og utvikla strategi for samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel.

10. Samhandling mellom private og offentlege aktører

Tiltak: Vidareutvikla dialog og etablera møteplasser for private og offentlege aktører og stimulera til samhandling mellom offentlig og privat finansiering.

5.5 Kulturminnevern og museum

- 15. Dokumentasjon Tiltak: Lokale kulturminneregistreringar (fullføre registrering av bygningar frå før 1900)
- 17. Kulturminne som ressurs Tiltak: Utarbeida og rullera prioriterte planar for skjøtsel og formidling i alle kommunar. Vidareutvika kompetanse knytt til planlegging og istandsetting av vern gjennom bruk.
- 20. Lokalt kulturminnevern og museum Tiltak: Utarbeida kommunedelplaner for kulturminnevern og styrking av ordninga med bygningsvernkonsulentar.
- 21. Kulturminneforvaltning Tiltak: Utarbeida program for tidleg og god dialog med kommunar og planfremjar
- 22. Tradisjonsuttrykk Tiltak: Etablera bygningsvernsenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar

5.6 Arkiv

- 23. Heilskapeleg samfunnsdokumentasjon Tiltak: Samla inn og gjera tilgjengeleg arkiv som har stor kulturell, rettsleg forsking- eller forvaltningsmessig verdi.
- 24. Lokalhistorisk arbeid Tiltak: Utvikla gode møteplassar for samhandling og formidling mellom aktører med interesse for lokalhistorie. Styrkja samarbeidet med innsamling og digital formidling av stadnamn i Hordaland

5.7 Kunstproduksjon og formidling

- 26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet Tiltak: Styrkja ei meir heilskapeleg satsing på kunst- og kultur for barn og unge gjennom forpliktande samarbeid om Ungdommens kulturmønstring, kulturskulen og kunst- og kulturformidling i skulen. Styrkja kunst- og kulturinstitusjonane sitt fokus på ungdom som publikum og kulturbrukarar.

5.8 Bibliotek

- 29. Tilgang til moderne og attraktive bibliotek Tiltak: Støtte til modellbibliotek og fornying av biblioteklokale.
- 30. Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt Tiltak. Biblioteka som møtestader for menneske med ulik kulturell- og sosial bakgrunn.
- 34. Forpliktande biblioteksamarbeid Tiltak: Vidareføre og utvikle partnerskapsavtalane med regionale biblioteksamarbeid. Vidareutvikle felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon.

5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

- 36. Fysisk aktivitet Tiltak: I regional og kommunal planlegging skal det setjast mål for å leggja til rette for areal, infrastruktur og anlegg, som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet,
- 37. Idrett Tiltak: Utvikle eit breitt og variert idrettstilbod til barn og unge
- 38. Friluftsliv Tiltak: Sikre at friluftsliv vert teken omsyn til i nasjonale, regionale og lokale planar. Kartleggja og verdisetja friluftsområder i alle kommunar i Hordaland innan 2018. Styrkja allemannsretten i strandsona gjennom kartlegging og oppfølging av tiltak som hindrar ålmenn ferdsel. Utvikla forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområder i Hordaland.
- 39. Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Tiltak: Alle kommunar skal ha plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, inklusiv drift og vedlikehald

Tysnes kommune prioriterer følgjande innsatsområde og tiltak dei fire første åra:

5.4 Samordning og samhandling

9. Samhandling mellom forvaltningsnivåa

Tiltak: Årlege drøftingsmøte om budsjett og forvaltning, dialogkonferansar og utvikla strategi for samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel.

10. Samhandling mellom private og offentlege aktørar

Tiltak: Vidareutvikla dialog og etablera møteplasser for private og offentlege aktørar og stimulera til samhandling mellom offentlig og privat finansiering.

5.5 Kulturminnevern og museum

15. Dokumentasjon Tiltak: Lokale kulturminneregistreringar (fullføra registrering av bygningar frå før 1900)

17. Kulturminne som ressurs Tiltak: Utarbeida og rullera prioriterte planar for skjøtsel og formidling i alle kommunar. Vidareutvikla kompetanse knytt til planlegging og istandsetting av vern gjennom bruk.

20. Lokalt kulturminnevern og museum Tiltak: Utarbeida kommunedelplanar for kulturminnevern og styrking av ordninga med bygningsvernkonsulentar.

21. Kulturminneforvaltning Tiltak: Utarbeida program for tidleg og god dialog med kommunar og planfremjar

5.8 Bibliotek

34. Forpliktande biblioteksamarbeid Tiltak: Vidareføra og utvikla partnerskapsavtalane med regionale biblioteksamarbeid. Vidareutvikla felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon.

5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Fysisk aktivitet Tiltak: I regional og kommunal planlegging skal det settast mål for å leggja til rette for areal, infrastruktur og anlegg, som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet,

37. Idrett Tiltak: Utvikla eit breitt og variert idrettstilbod til barn og unge

38. Friluftsliv Tiltak: Sikra at friluftsliv vert teken omsyn til i nasjonale, regionale og lokale planar. Kartleggja og verdisetja friluftsområder i alle kommunar i Hordaland innan 2018. Styrkja allemannsretten i strandsona gjennom kartleggjing og oppfølging av tiltak som hindrar ålmenn ferdsel. Utvikla forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområder i Hordaland.

39. Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Tiltak: Alle kommunar skal ha plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, inklusiv drift og vedlikehald


Planen som verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivå

Samhandling mellom ulike forhandlingsnivå er viktig. Grunnlaget for samhandlingsarbeidet bør vere kva som er mogeleg å få til i praksis.


Korleis oppfattast det regionale kulturoppdraget, og kva er forventningane til dette?

Regionale kulturmynde bør vera ein samarbeidspartner for kommunane ved å stilla ressurser og kompetanse til rådvelde. Ta initiativ til einskildprosjekt av regional verdi og prosjekt som dekker heile eller delar av regionen.»

Med helsing
Tysnes kommune



Steinar Dalland
rådmann



Vibeke Øxnevad Stoltz
konsulent